

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 148/2007**

av 7. desember 2007

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 137/2007 av 26. oktober 2007⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2007/275/EF av 17. april 2007 om lister over dyr og produkter som skal undersøkes på grensekontrollstasjonene i samsvar med rådsdirektiv 91/496/EØF og 97/78/EF⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2007/276/EF av 19. april 2007 om endring av vedtak 2001/881/EF og 2002/459/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2007/345/EF av 10. mai 2007 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksiøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fiskesjukdommane⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Vedtak 2007/275/EF opphevar kommisjonsvedtak 2002/349/EF⁽⁵⁾, som var teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 6) Denne avgjerdha gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

⁽¹⁾ TEU L 100 av 10.4.2008, s. 53, og EØS-tillegget til TEU nr. 19 av 10.4.2008, s. 58.

⁽²⁾ TEU L 116 av 4.5.2007, s. 9.

⁽³⁾ TEU L 116 av 4.5.2007, s. 34.

⁽⁴⁾ TEU L 130 av 4.5.2007, s. 34.

⁽⁵⁾ TEF L 121 av 8.5.2002, s. 6.

Artikkelf 1

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2001/881/EF) og 46 (kommisjonsvedtak 2002/459/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32007 D 0276**: Kommisjonsvedtak 2007/276/EF av 19. april 2007 (EUT L 116 av 4.5.2007, s. 34).”

2. I del 1.2 etter nr. 136 (kommisjonsvedtak 2006/677/EF) skal nytt nr. 137 lyde:

”137. **32007 D 0275**: Kommisjonsvedtak 2007/275/EF av 17. april 2007 om lister over dyr og produkter som skal undersøkes på grensekontrollstasjonene i samsvar med rådsdirektiv 91/496/EØF og 97/78/EF (EUT L 116 av 4.5.2007, s. 9).

Denne rettsakt får anvendelse også for Island på de områder som omfattes av de særskilte rettsaktene omhandlet i nr. 2 i den innledende delen.”

3. Del 1.2 nr. 113 (kommisjonsvedtak 2002/349/EF) vert oppheva.

4. I del 4.2 nr. 66 (kommisjonsvedtak 2002/308/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32007 D 0345**: Kommisjonsvedtak 2007/345/EF av 10. mai 2007 (EUT L 130 av 4.5.2007, s. 34).”

Artikkelf 2

Teksta til vedtak 2007/275/EF, 2007/276/EF og 2007/345/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkelf 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 8. desember 2007, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkelf 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkelf 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 7. desember 2007.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

For EØS-komiteen

Stefán Haukur Jóhannesson

Formann